

Fítjarweekend på Helgaton 29.-31. mars 2019



EI NÅDE-helg



for store og små, unge og gamle

i regi av Fítjar sokneråd

Fitjar kyrkjelyd ynskjer for 14. gong velkomen til weekend på Helgatun i Myrkdalen. Myrkdalen ligg i Voss kommune, ved foten av Vikafjellet, og det tek ca 2 timar å køyre frå Halhjem til Helgatun. Det er Indremisjonssamskipnaden som eig dette flotte fjellpensjonatet som ligg kloss i Fv 13, like ved Voss fjellandsby og Myrkdalen fjellheisar.

Me håpar og trur dette skal verta ei kjekk helg for både små og store barn, ungdom, vaksne og eldre. Ei helg for avslapping og rekreasjon. Ei helg med koselege og gode samlingar og god anledning til å nyta Guds frie natur. Ei helg med god mat der ein får gå til duk og dekkja bord. Ei helg for å bli kjent med nye folk og å pleie av gamle venskap. Og sist men ikkje minst ei helg der alle som ynskjer det skal få boltra seg rikeleg i snøen. Myrkdalen er ei «snø-hole» og det brukar vera rikeleg med snø der til langt utpå våren. 10 min køyring frå Helgatun ligg Vikafjellet med store vidder med snø til langt ut i juni.

Overnatting skjer på dobbeltrom og familierom med bad m/ dusj. Det er dyner og puter på alle rom. Ein tar sjølv med sengjetøy og legg på, eller ein kan leiga sengjetøy på Helgatun (100,- pr stk).



Påmelding
bør skje innan
27. januar 2019
til Helga Rimmereid
helgari@frisurf.no / 975 28 001

Meld inn namn og alder på deltakarane,
spesielle behov som matallergiar o.l.
og ev spesielle ynskjer i forhold til romfordeling.

Prisar for heile helga med alle måltid:

Vaksne/ungdomar 13 + : 1 480,-

Born 8-12 år: 870,-

Born 3-7 år: 595,-

Born under 3 år: gratis



Måltid som er inkludert i prisen:

Fredag: Middag

Laurdag: Frukost, niste med varm drikke, middag

Søndag: Frukost, niste med varm drikke.

Det er ein liten **kiosk** på Helgatun der ein kan kjøpa litt småsnacks, brus og is. Helgatun driv og kafe i matsalen på dagtid, der ein kan kjøpa seg diverse smårettar. Næraste butikk er i Vinje-krysset, 11 km før Helgatun.

For meir informasjon om turen og/eller påmelding ta kontakt med:

Helga Rimmereid, helgari@frisurf.no tlf 975 28 001

Anne-Kristin Sandvik Rydland tlf 976 53 988

Aase Rygg Nøttveit tlf 481 45 834

Svein Aarbø tlf 970 83 821

Fitjar kyrkjekontor tlf 53 45 85 00



Hugs:

Sengetøy og handkle (dei som ikkje leiger)

Solbriller, solkrem, skismurning og termos

Ski og ake-utstyr, gjerne med namn på

Ev keycard til skitrekket

Kle og skift etter veret (det er tørkerom på husa, men er det vått ver kan det bli fullt og dårleg tørk her)

Innesko

Spel og anna å halda på med inne....

Litt frukt til felles fruktfat om kveldane (ikkje dei som er blitt spurdt om å ta med kaka)



Foreløpig program

Fredag

Kl. 19.00 Middag

(Hugs å setja ned termosane)

Samling for alle

Kaffi, te og frukt i peisestova

Kveldssamling for vaksne og ev eiga samling for ungdomar



Laurdag

Kl. 8.00 Frukost m/felles start. Hugs å laga niste og ta m/termosane

Kort morgonsamling

Dagen er fri; ut på tur, slapp av, gjer det du vil...

Felles nistemåltid i peisestova for dei som ynskjer å eta inne

Kl. 18.00 Middag

(Hugs å setja ned termosane)

Kosekveld for alle

Kaffi, te og kake/ laurdagsgodt i peisestova.

Kveldssamling for vaksne og ev eiga samling for ungdomar



Søndag (Hugs å stille klokka om natta)

Kl. 8.30 Frukost

Kl. 9.30 Familiegudsteneste

Kl. 10.30 Ut på tur eller det du måtte ynskja...

Kl. 13.30 Felles nistemåltid i peisestova for dei som ynskjer å eta inne

Utsjekking Helgatun

Takk for no og velkomen tilbake!

